

BKK Nett AS  
Anders Helle  
Postboks 7050  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3079 - 16/9322

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
[nora.gjerde@lindas.kommune.no](mailto:nora.gjerde@lindas.kommune.no)

Dato:  
01.04.2016

## VS: Tilbakemelding systemretta El - tilsyn (revisjon) Lindås kommune - sak nr 146892

Syner til dykkar brev datert 01.10.15 med tilbakemelding etter systemretta El-tilsyn i Lindås kommune. Vedlagt finn de Lindås kommune sine kommentarar på avvik og merknadar.

### A. Avvik

#### **1. Foretaket/ bedriften var ikkje registrert i Elvirksomhetsregisteret jfr fek § 3**

Lindås kommune ventar på tilbakemelding frå DSB, vi har derfor fått utsetting frå DLE fram til 01.07.16

#### **2. Virksomheten må foreta gjennomgang av internkontrollen for å sikre at den fungerer som forutsatt jfr, Forskrift om systematisk helse- miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (interkontrollforskriften) § 5 2. ledd, pkt 8.**

**a)** Lindås kommune har kjøpt inn det digitale kvalitetssystemet «KF-kvalitet» frå Kommuneforlaget, og målet er at alle eksisterande kvalitetssystem skal inn i det nye digitale systemet. Det tar tid å implementere eit slikt system, og det er vert arbeida kontinuerlig med forbetringar slik at systemet vert tilpassa vår kommune og våre kvalitetssystem. I januar 2016 gjekk Lindås kommune i gang med å ta i bruk KF-HMT-handboka, som er ein del av det digitale kvalitetssystemet utarbeida av Kommuneforlaget. Fleire av våre tidligare rutinar/prosedyrar og tekster er tatt med vidare i den nye HMT-handboka, ein del tekstar er revidert på bakgrunn av nytt system, og ein del rutinar, prosedyrar og tekstar vil bli endra i framtida. Ved endringar i HMT-systemet skal dette opp som eiga sak i Arbeidsmiljøutvalet (AMU). Etter EL-tilsynet i Lindås kommune, vart endringar i høve til å synleggjera EL-tryggleik i HMT-systemet tatt opp som sak og oppdateringar/endringar vart godkjent i Arbeidsmiljøutvalet 29. februar 2016. Vedlagt følgjer møteinkallinga til AMU 29.02.2016 der EL-tryggleik i HMT-systemet stod på saklista.



Vedlagt følgjer også dokumentasjon på endringane som er gjort :

- Ny og oppdatert tekst om El-tryggleik i HMT-handboka (sjå vedlegg «Tekst om EL-tryggleik i Lindås kommune sitt HMT-system Mars 2016»)
- Oppdatering av skjema for vernerunde (kartlegging ) og skjema for handlingplanar for HMT i høve til punkt om EL-tryggleik. Desse skjema er ein del av HMT-systemet til Lindås kommune og ligg inne som linkar i både HMT-handboka og som skjema/prosedyrar i kvalitetssystemet under overskrifta HMT.

HMT-systemet vert kontinuerleg evaluert både på bakgrunn av lovendringar, (KF-kvalitet vert oppdatert automatisk på lovverk) tilsyn og tilbakemeldingar frå leiarar og verneombod (avvikshandtering).

Avvik vert ført i vårt digitale avvikssystemet (som også er ein del av kvalitetssystemet KF-kvalitet). Avvikssystemet er delt inn etter område og type avvik. Dette systemet vart også tatt i bruk i januar 2016, og er difor også nytt for oss og er under kontinuerleg utvikling i høve til å tilpasse systemet til kommunen sine krav og behov.

**b)** Rettleiing til EL-tryggleik ved vernerunder, er lagt inn i Eigedomsavdelinga sin Internkontroll Elektro. Ref. KAP 5,6. ELSIKKERHET VED VERNERUNDER. Dette er tatt med som rettleiing til vernerunder, og er lagt inn i det nye HMT-systemet. (KF-kvalitet) Sjå tekst over.

**c)** Direkte avvik blir meldt inn i det nye digitale HMT-systemet (KF-Kvalitet). Weblord/Landlord blir sett på som tiltaksverktøyet for å utbetra avviket. Avviket blir fulgt opp av den som eig/har meldt inn avviket, og meldt Ok/utbedra, når det er gitt tilbakemelding frå utførande i Landlord.

Landlord ved TD-Eigedom: Arbeidsordrar som omhandlar elektro, utføres av TD-Teknisk drift. Disse vil bli delt opp i 3-kategorier:

Avvik:

- Mangel på oppfylling av myndighetskrav. (eks. lov, forskrift)
- Mangel på oppfylling av interne/eksterne kvalitetskrav (på eksisterande anlegg, og kan utføras av TD-Eigedom)

Behov:

- Noko som er nødvendig for at ein tilsett skal utføre jobben sin (endring eller nytt, og må då utførast av El-installatør)

Ønske:

- Noko ein treng fordi det kan letta oppgåver i kvarldagen (endring eller nytt, og må då utførast av El-installatør)

Dette er tatt opp med 5D (firma som leverer Landlord), og er forventa implementert i Landlord medio 2016.

**d)** VA- avdeling har rutinar for instruert personell (alle som er på vakt), der ein gjennomfører nødvendige kurs kvart år saman med Eigedomseininga. Vi har også begynt å merke tavler. Vi har

kopiert internkontrollsystemet for elektriske anlegg frå Eigedom, og held på å tilpasse dette for VA-avdelinga.

## **B. Anmerkningar**

### Anmerkning 1:

Landlord: Ved arbeidsordrar TD- Eigedom, ( ref. bedriftselektrikarordning) dvs. utbetringer som LK-Eigedom utfører sjølv, blir det lagt inn skjema som omhandlar risikovurdering- sluttkontroll og samsvarserklæring for aktuell utført arbeidsordre. Dette er tatt opp med 5D (firma som leverer Landlord), og er forventa implementert i Landlord medio 2016.

Kommentar:

Sluttkontrollhåndboka, av Bjørn Sørensen, Elforlaget 2006. Nelfo, Kap. 3.1, Dokumentasjon-Samsvarserklæring, underpunkt 3:

- «Samsvarserklæring trengs ikkje for reperasjoner eller utskifting av komponentar»

Lindås kommune ved Eigedomsavdelinga har Bedriftselektrikarordning, dvs. berre lov til å vedlikehalde egne anlegg, dvs. reperasjoner og utskifting av komponentar.

### Anmerking 2:

Lindås kommune har eit kvalitetssystem for elektromedisinsk utstyr i sjukeheimstenesta. Kvalitetssystemet er lagt ved som vedlegg.

### Anmerking 3:

Det digitale kvalitetssystemet KF Kvalitet skal vere Lindås kommune sitt overordna system for kvalitet og internkontroll. Målet er å ha eitt felles system i heile organisasjonen. I 2016 og 2017 vil kommunen jobbe med å bygge opp det nye kvalitetssystemet. Fase 1 blir å legge inn alle dei «gamle systema» inn i det nye systemet. Fase 2 blir å gjennomføre ein kvalitetsgjennomgang av alt innhald som er lagt inn i det nye systemet. Sjølv om kommunen er i ein overgangsfase vil det vere stort fokus på arbeidet med kvalitetssystem og internkontroll, og det er viktig å vere tydelig på kva som til ein kvar tid er gjeldande system. Vi er trygg på at det nye systemet vil bidra til at kommunen jobbar meir strukturert og heilsakleg med kvalitet og internkontroll i framtida.

## **6. Resultat fra verifikasjonar:**

Sak nr	Bygg	Ansvar	Status	Dato
148594	Lindås Ungdomskule	Eigedom	utbetra	13.11.2015
148593	Kolås Barnehage	Eigedom	utbetra	27.01.2016
148592	Brannstasjon Lindås	Eigedom	utbetra	13.11.2015
148488	Tinghuset på Lindås	Eigedom	ok	01.10.2015
148510	Kulturskulen	Eigedom	ok	01.10.2015
148512	Utleiebolig, Oterdalen 29A	Eigedom	ok	01.10.2015
148511	Omsorgsbolig. Kvernhushaugane 5L	Eigedom	ok	01.10.2015
148516	Ikenberget kloakk renseanlegg	VA	ok v/Caverion	
148515	Tømmervika kloakk pumpestasjon	VA	ok	01.10.2015
148605	Mangerbua 2 kloakk pumpestasjon	VA	ok	01.10.2015
148891	Storavatn vassverk.	VA	ok v/Caverion	

**Vedlegg:**

- Vedlegg 1. Tekst om EL-tryggleik i Lindås kommune sitt HMT-system
- Vedlegg 2. Kartleggingsskjema – Vernerundar
- Vedlegg 3. Skjema for sentral handlingsplan
- Vedlegg 4. Skjema for sentral handlingsplan
- Vedlegg 5. Sakliste AMU 29.02.2016 der EL-tryggleik var oppe som tema i høve til endringar i HMT-systemet.
- Vedlegg 6: Kvalitetssystem EMU- sjukeheimstenesta
- Vedlegg 7: Sjekkliste introduksjonsprogram nytilsette sjukeheimsteneste

Med helsing

Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

VS Tilbakemelding systemretta El - tilsyn (revisjon) Lindås kommune - sak nr 146892

Vedlegg 1\_Tekst om EL-tryggleik i Lindås kommune sitt HMT-system mars 2016

Vedlegg 2\_KARTLEGGING – VERNERUNDE. KARTLEGGINGSSKJEMA. FYSISKE OG PSYKOSOSIALE TILHØVE (L)(144821)

Vedlegg 3\_Handlingsplan - Skjema for sentral handlingsplan (L)(144823)

Vedlegg 4\_Handlingsplan - Skjema for lokal handlingsplan (L)(144822)

Vedlegg 5\_Sakliste AMU 29.02.2016

Vedlegg 6\_Kvalitetssystem EMU- sjukeheimstenesta

Vedlegg 7\_sjekkliste introduksjonsprogram nytilsette sjukeheim

**Mottakarar:**

BKK Nett AS

Postboks 7050

5020

BERGEN